

**Forvaltningsplan for**  
**ELG, HJORT og RÅDYR**

**i**

**Skjåk kommune**

**2024 - 2026**

**Vedteke i utval for vilt og fisk, xx.03.2024**

*Forvaltningsplan = overordna plan for utvikling av hjorteviltbestandane i kommunen. Skal innehalde offentlege og kommunale målsettingar.*

*Bestandsplan = rettshavar sin plan for utvikling av hjorteviltbestandane i kommunen. Inneheld meir presise målsettingar for ein kortare periode enn ei forvaltningsplan. Målsettingane må samsvare med offentlege og kommunale målsettingar. Ein bestandsplan skal og beskrive dei virkemidla som blir nytta for å nå målsettingane*

## **1 Bakgrunn for planen**

Krava til ein meir nøyaktig hjorteviltforvaltning i Noreg har økt med innføringa av bestandsplaner for elg og hjort. Dette krev at vi skaffar oss best mogleg oversikt over storleik og samansetting av dei hjorteviltbestandane vi har i kommunen, og den nytte og ulempe desse har for samfunnet.

Frå statleg mynde side har det vore eit mål at all forvaltning av hjort og elg skulle vera bestandsplanbasert frå 2006. Denne planen legg til rette for overgang til bestandsplanbasert forvaltning i Skjåk. Det er i utgangspunktet rettshavarane som skal utarbeide bestandsplaner på bakgrunn av statlege rammer og lokale målsettingar.

I forskrift om forvaltning av hjortevilt er det satt krav til kommunane om å vedta mål for utviklinga i bestandane av elg, hjort og rådyr:

*§ 3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr  
Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e).  
Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.*

Det er vidare skissert at målsettingane bør bli utarbeida og vedteke gjennom ein plan.

## **2 Målsetting**

Hovudmålsetninga med denne planen er samanfallande med formålsparagrafane i både viltlova og i forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Viltloven:

*§ 1. (lovens formål)  
Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevarer.  
Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.*

Forskrift om forvaltning av hjortevilt gir rammer for forvaltninga av hjorteviltartane:

*§ 1 Formål  
Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og*

*bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal vidare sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser*

1. Hjorteviltstammene skal vera tilpassa bereevna til leveområda.
2. Hjorteviltstammene skal ha ein biologisk forsvarleg struktur for kjønn og alder og oppretthalde deira naturlege genetiske variasjon  
Delmål elg/hjort (frå sett-elg/hjort data):
  - Elg: Sett ku/ukse < 2 (viktig med ein god del oksar i stammen)
  - Elg: Produktivitetsnivå: kalvrate > 0,6 og tvillingrate > 1,2.
  - Hjort: Sett hind/bukk < 2
  - Hjort: Produktivitetsnivå: kalvrate > 0,6
3. Skader som dei påfører biologisk mangfald, jord- og skogbruk skal haldast innanfor eit akseptabelt nivå
  - Skader på åker og eng skal haldast på eit akseptabelt nivå. Dette er med på å sette rammer for bestandsstorleik.
  - Prioritere tildeling der det har størst effekt for å nå gjeldande bestandsmål.
  - Eigarar av rundballar og anna fôr som ligg ute må sjølv ta ansvar for skader på fôret ved t.d. inngjerding.
4. Dersom beiteuttaket på furuforynging blir over 30 % av årsskoda (i gjennomsnitt), skal ein regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert
5. Hjorteviltstammene skal under normale forhold utgjere ein viktig økonomisk ressurs for grunneigarane
6. Det skal arbeidast aktivt for å redusere talet av viltpåkøyrslar.

På bakgrunn av dei seks punkta over har ein i Skjåk definert fylgjande mål om bestandsstorleik:

#### Mål slik dei var definert i førre forvaltningsplan

- Elg: Stabil bestand med eit jaktuttak på 55-75 elg pr år.
  - Hjort: Stabil bestand med eit jaktuttak på 80-120 hjort pr år.
- 55-75 elg pr år tilsvarar ein vinterstamme på 274-346 (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,57, sett ku/ukse - 1,22, fallvilt – 31).
- 80-120 hjort pr år tilsvarar ein vinterstamme på 329-463, (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,59, sett hind/bukk – 1,02, fallvilt – 18).

#### Justerete mål for neste periode – redusert bestand av både elg og hjort:

- Elg: Stabil bestand med eit jaktuttak på 45-65 elg pr år. Det tilsvarar ein vinterstamme på 273-345 (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,51, sett ku/ukse - 1,20, fallvilt – 31). Produktiviteten i stamma er såpass låg at det må til ein større vinterstamme for å produsere same antal kalvar som tidlegare. Ein reduksjon av stamma og auka kuandel gjer at ein på sikt truleg vil få ein meir produktiv stamme med mindre fôrforbruk og ein mindre vinterstamme.

- Hjort: Stabil bestand med eit jaktuttak på 135-175 hjort pr år. Det tilsvarar ein vinterstamme på 442-561, (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,63, sett hind/bukk – 1,15, fallvilt – 14). Tilsvarande mål definert ut i frå vårteljing: 500. Begge måla tilsvarar ein bestand som er noko mindre enn i dag.

### 3 Rammer for bestandsplanar og tildeling av fellingsløyve

Forvaltning av elg og hjort skal vera bestandsplanbasert i størst mogleg grad. Elg og hjort nyttar store leveområde, av den grunn er det ynskeleg at heile kommunen er inkludert i eit bestandsplanområde. Forskrift om forvaltning av hjortevilt gir fleire viktige føringar for forvaltning av hjorteviltartane våre:

- Vald eller bestandsplanområder må disponere eit teljande areal på minimum 20 gongar minstearealet for å kunne søke kommunen om godkjenning av ein fleirårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.
- Fellingsløyve gjeve til eit vald kan bli nytta i eit anna vald innan bestandsplanområdet. Dette krev skriftleg fellesjaktavtale.

#### § 2 Definisjoner

*f) I denne forskriften forstås med bestandsplanområde for elg og/eller hjort: et område bestående av to eller flere vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort. Godkjennes av kommunen etter søknad;*

#### § 15 Krav til bestandsplan for elg og hjort

*Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.*

*Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklingen, i samsvar med kommunens mål. Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlige avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, voksne hunndyr og voksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.*

*For bestandsplanområder skal planen beskrive hvordan ulike dyrekategorier i fellingskvota årlig fordeles på de enkelte valdene.*

*Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1. mai.*

*Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdet representant.*

Bestandsplaner i Skjåk bør vera 3-årige. Planen kan endrast i særskilde høve.

#### § 18 Fellingstillatelsens gyldighet og fellesjaktavtaler

*Godkjente vald tildeles fellingstillatelse uten årlig søknad. For vald eller bestandsplanområder med godkjent bestandsplan for elg og hjort tildeles hvert enkelt vald fellingstillatelse for hele bestandsplanperioden. Kommunen utsteder og sender fellingstillatelser for elg, hjort og rådyr til valdansvarlig representant.*

*Alle fellingstillatelsene skal være sendt ut innen 15. juni og gjelder innen godkjent vald. For jakt i bestandsplanområder for elg og hjort kan fellingstillatelser gitt til et vald, benyttes i ett eller flere andre vald i bestandsplanområdet i hele eller en nærmere angitt del av*

*jaktperioden. Dette forutsetter skriftlig fellesjaktavtale mellom de aktuelle valdene som viser hvilke vald og hvilke perioder avtalen gjelder for.*

Forskrift om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Oppland.

*Minstearealet for godkjenning av vald, fellingsløyve og grunnlag for fordeling av fellingskvote er:*

### **Minsteareal**

<b><i>Heile/deler av kommunen</i></b>	<b><i>Elg minsteareal daa</i></b>	<b><i>Hjort minsteareal daa</i></b>	<b><i>Rådyr minsteareal daa</i></b>
<i>Skjåk Almending</i>	<i>3000</i>	<i>2000</i>	<i>4500</i>
<i>Skjåk utmarksråd</i>	<i>2000</i>	<i>300</i>	<i>1500</i>

Fylgjande tema skal vera med i godkjente bestandsplanar i Skjåk kommune:

- Arealgrunnlag - bestandsplanområde - eieendomshøve
- Planperiode
- Bestandsvurdering (kortfatta): i dag/historisk (tettleik, kjønns- og aldersstruktur, produktivitet, slaktevekter)
- Avskyting (kortfatta): i dag/historisk, fordeling på kjønn og alder, fellingsprosent.
- Målsetting
- Avskytingsmodell, fordeling innan ulike kategoriar og kvifor ein ynskjer den fordelinga. Ta og med tiltak som bidreg til at jegerane tek ut dei kategoriane ein ynskjer (nedklassifisering etc)
- Fordeling av talet på dyr i dei ulike kategoriane, forventa fellingsprosent,
- Oppsyn

## 4 Grunnlag for bestandsvurdering

Det er to godkjente vald for jakt på elg, hjort og rådyr innan Skjåk kommune med fylgjande teljande areal:

Skjåk Almenning:	217.000 da
Skjåk Utmarksråd:	67.630 da
Sum:	284.630 da

Kunnskapen om hjorteviltbestandane i Skjåk er basert på innsamla data både i samband med jakt og gjennom resten av året. Dei beste kjeldene til kunnskap er dei vi har samla inn systematisk over mange år, slik som fellingsstatistikk, registreringar av irregulær avgang, sett-elg, sett-hjort, vår-/ vinterteljingar av hjort og aldersanalyse av elg og hjort. I Skjåk har vi lange tidsseriar på fleire av desse datagrunnlag. Dette er god hjelp når ein skal sjå på trendar og utvikling av bestandane. Mykje av dette materialet er publisert i hjorteviltregisteret.

I tillegg er det gjennomført beitetaksering på skog.


Kortfatta oppsummering om utvikling av hjorteviltbestandane i Skjåk:

### Elg

Sett-elg og 7.-dagsteljing har vore brukt som grunnlag for å vurdere bestandsutviklinga for elg. Da har ein to indeksar som begge gir eit bilete av endringar i bestandstorleik. I tillegg har ein sidan våren 2020 hatt vårteljing på innmark med termisk utstyr. Det er ynskjeleg at ein held fram med tre indeksar for bestandsutviklinga. Korleis sett-elg indeksen blir registrert vart endra i forkant av jaktseasonen i 2018 (nasjonalt). Ein del jaktlag i Skjåk held fram med den gamle registreringsmetodikken, men frå 2021 har alle jaktlag brukt ny metodikk. Dyr som ein med sikkerheit såg fleire gongar vil etter ny registreringsmetode bli registrert fleire gongar. Ein kan derfor få noko høgare sett-elg indeks sjølv med uendra bestandstettleik. Dei ulike indeksane syner fylgjande bestandsutvikling:

- 7-dagsteljing: Høgast bestand frå 2016 til 2019, deretter litt nedgang.
- Sett-elg: Høgaste registrering i 2019. Deretter litt nedgang. Truleg noko større nedgang enn det indeksen syner pga endra metodikk i 2021.
- Vårteljing på innmark tyder på at bestanden er redusert med ein tredjedel frå 2020 til 2023.

Fallvilt av elg (som dør utanom jakt) har stort sett vore over 30 dyr kvart år sidan 2016. Ein kunne forvente at talet på fallvilt ville gå noko ned som følge av ein redusert bestand, men det er mange faktorar som påverkar mengda fallvilt.



Ku/-ukseforholdet har i dei siste 5 åra vore på 1,20 i snitt. Det tydar på ein god del oksar i stammen.


Produktivitetsnivå: gjennomsnittleg kalvrate dei siste 5 åra: 0,51 og tvillingrate 1,06. Dette er redusert enno meir i høve til den førre 5-årsperioden. Det kan vera fleire årsakar til dette, men kvalitet og mengde fôr er normalt avgjerande.

Slaktevektene syner også ein fallande trend. Snitt:

Kalv – 56 kg mot 60 kg i førre 5-årsperiode

Ungdyr – 109 kg mot 119 kg i førre 5-års periode

Reduserte slaktevektar kan vera eit teikn på dårleg / for lite fôr eller feil avskyting.



Sjølv om bestanden er noko redusert kan ein ikkje si at måla for elgbestanden vart oppfylt i førre periode. Det ser ut til at den framleis er høgare enn målet. Låge slaktevektar er noko som ein slit med mange plassar i sør-Norge og kan nok ha mange årsaker. Men tilgang på mat er uansett ein føresetnad. Beitetakst på skog frå 2017 synte at det ikkje var overbeite, men fleire stader var det likevel hardt beita. Elgstammen har vore større etter det og truleg beita ennå hardare. Det er grunn til å redusere bestanden for å sikre tilstrekkeleg mattilgang. Det er låg

produktivitet i stammen og ein treng ein unødig stor vinterstamme for å produsere same antal kalvar som tidlegare.

Beiteskadene på innmark i dei vestlege områda av Skjåk er også såpass store at det er grunn til å redusere bestanden. Dersom det gav tilstrekkeleg effekt med høge uttak i nærleiken av dyrka mark så hadde det vore ynskjeleg. Men det er mykje elg som på vår/tidleg sommar trekker gjennom t.d. Bråtå på veg til sommarbeiteområde lengre vest. Også desse elgane vil bidra til beiteskader. Samstundes må ein akseptere noko elg på innmark i desse områda på våren/tidleg sommar.

## Hjort

Hjortebestanden i Skjåk ser ut til å ha auka jamt nesten heilt fram til i dag. Alle observasjonar av hjort under jakt har blitt ført, det gjeld og observasjonar av hjort på dyrka mark. Fleire observasjonar vil gje eit betre bilete av samansetninga av hjortestammen.


For å få ein ekstra indeks når det gjeld bestandstorleik til hjort har jaktlaga i Skjåk forsøkt teljing av hjort på

vinteren i eige jaktfelt med varierende hell. Dei siste åra har ein i staden telt hjort på innmark på våren. Dette ser ut til å fungere bra. Ein har ikkje kontroll på kor mykje hjort som ikkje blir observert. Om ein teller fleire gongar kvar vår og bruker dei høgste tala får ein eit ganske bra bilete av endringar i bestanden frå år til år.

Hjorten kan vandre langt og har ofte lange sesongmessige vandringar. Når ein ikkje har oversikt over inn- og utvandring, blir forvaltninga av hjorten meir komplisert.


Slaktevektene har vore relativt stabile dei siste ti åra til tross for stor auke i bestanden.

Hjorten ser ut til å skape mindre problem for gardbrukerane enn elgen. Kombinert med stabile slaktevektar og god kjønns- og alderssamansetning er hjortestammen på eit akseptabelt nivå tross høgare bestandsnivå enn målet. Det ser ut til at vinterbestanden har ein del individ som trekker til andre kommunar sommar og haust. Det blir lagt opp til ein liten reduksjon av hjortestamma.






### Felt hjort- Sett hjort



## Rådyr



Rådyrbestanden i Skjåk såg ut til å ha ein topp tidleg på 90-talet i likheit med mange andre kommunar på austlandet. Rådyrbestanden blir sterkt påverka av snømengder og predasjon frå rev og gaupe. Det kan og vera stor innvandring / utvandring frå ein del område, men fjella mot vest, sør og nord verkar truleg som ei barriere for rådyrbestanden. Men det kjem truleg ein del innvandring frå aust. Rådyra har høgare naturleg dødelegheit enn elg og hjort. Dette gjer det vanskelegare å forvalte rådyra. Kommunen kan heller ikkje pålegge retta avskyting ved deling av fellingskvoter noko som nyttast for dei andre hjorteviltartane.

## 5 Felling av hjortevilt som gjer skade

Kommunen kan gje skadefellingsløyve til den som er råka av skade på t.d. avling. Dette er regulert gjennom naturmangfaldlova § 18.

*NML § 18. (annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene)*

*Kongen kan ved forskrift eller enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk*

*b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk, vann eller annen eiendom,*

*c) for å ivareta allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning,*

*Myndigheten etter loven kan av eget tiltak iverksette uttak med formål som nevnt i første ledd bokstav a til d og g, jf. annet ledd. Uttaket regnes ikke som enkeltvedtak, og kan om nødvendig skje på annens eiendom. Kongen kan gi nærmere forskrift om slikt uttak.*

*Kommunen kan gi tillatelse til uttak av hjortevilt og bever for å avverge skade etter § 18 første ledd bokstav b. Tillatelser gitt av kommunen kan påklages til fylkesmannen.*

Nærare om skadefelling av hjortevilt henta frå vegleiar utgjeve av Miljødirektoratet.

- Søknaden bør vera skriftleg og skildre kva det er skade på og i kva slags omfang, kvar skadestaden er og kva slags førebyggjande tiltak som er forsøkt for å hindre/reduere skadeomfanget. Det bør opplysast om det har vore skade i tidlegare år. Kommunen bør om det er nødvendig synfare skadestaden eller innhente opplysningar som supplerer bildet av skadesituasjonen.
- Til grunn for avgjerda skal kommunen vurdere omfanget av skaden og utviklinga, og kva som er gjort for å unngå skaden. Bestandsreduksjon skal primært skje gjennom jakt. Det må bli vurdert om jaktretten i området er godt nok nytta. Dersom måla i bestandsplanen ikkje er nådd vil terskelen for å få skadefellingsløyve vera lågare enn om bestanden er på rett nivå.
- Kommunen skal sjølv vurdere kva skadenivå som er akseptabelt.
- Skadefelling skal bli retta mot spesifikke dyr eller ei gruppe dyr på området der skaden som skal bli avverja skjer.
- Verdien av felt vilt går til kommunen. Viltet kan bli seld vidare og inntektene går til viltfondet.
- Kommunen kan og sette i gang felling etter eige tiltak (jf § 18 c).